

## AMTSREKNESKAPANE I RENTEKAMMERET CA. 1660-1690

"Amtsrekneskapar" er ei litt forenkla nemning på rekneskapar som vart førde i dei så kalla *stiftamtstovene* i Kristiania, Kristiansand, Bergen og Trondheim. Desse kontora vart skipa som ein del av den nye finansforvaltninga etter 1660. Dei stod under leiing av (*stift*)*amtskrivarar*, i byrjinga kalla *kammererar*. Futane og somme andre innkrevjarar av offentlege skattar og avgifter utover i distrikta vart pålagde å levere rekneskapane sine med skattemanntal og andre vedlegg til stiftamtstovene. Der vart dei gjennomgådde og lagde til grunn for ein samla rekneskap for stiftet, som i sin tur vart send til København for å reviderast ved Rentekammeret.

Dei tre katalogane over innsende amtsrekneskapar ca 1660-1690 dekker følgjande instansar og tidsrom:

*Katalog 1144/50:*

- Landkommissariatet på Akershus 1661-1666 og
- Akershus (Kristiania) stiftamt 1667-1677

*Katalog 1144/51:*

- Bergen stiftamt 1661-1690

*Katalog 1144/52:*

- Trondheim stiftamt 1662-1686 med Nordlands amt 1676-1679 og 1682-1686 og
- Nordlands amt 1670-1676, 1680-1681 og 1687-1690

Det var også oppretta stiftamtstove i Stavanger frå 1664, men kontoret vart få år seinare (1670) flytta til Kristiansand.

I den fyrste tida dannar futerekneskapane regulære nummererte/bokstaverte vedlegg til amtsrekneskapane. Seinare blir så futerekneskapane skilde ut som eigne seriar i Rentekammerarkivet. Det skjer på varierende tidspunkt for dei fire stifta, i Kristiansand stift alt frå byrjinga av. Dei tre katalogane dekker tida før futerekneskapane blir utskilde, og følgjeleg finn ein altså ikke rekneskapar frå Kristiansand stift her.

Det har ikkje lykkast oss å finne formuleringar i instruksar til futar, amtskrivarar eller i føresegner for sakshandsaminga internt i Rentekammeret som forklarar kva som låg bak utskiljinga av futerekneskapane. Venteleg kan ei detaljert gransking av dateringar og påteikningar på materialet før og etter endringa kaste lys over spørsmålet. Futerekneskapane vart i alle høve framleis helst sende til Danmark saman med amtsrekneskapane. I rentekammerinstruksen av 20.7.1670 vart det nemleg gjeve uttrykkeleg løyve til å halde seg til "dend gammel Maade", der dei lokale rekneskapane skulle sendast til "en huer Steds Amptmand eller Amtschrifuer", som i sin tur skulle vidaresende dei til Rentekammeret "med alle tilhørige Beuiszer oc Documenter". Det var forutsett at det vart for dyrt for ein fut i Noreg å reise til København med rekneskapane sjølv, men han skulle frå nå av ha fullt høve til å gjere dette, "om hand dem icke til ofuenbemeldte Persohner wil lefuere." (*Aarsberetninger fra Geheimearchivet bd 2 s 199*).

Dei typar rekneskapar og vedlegg som inngår i amtsrekneskapane, finn ein for tida før 1660 i *lensrekneskapane* (katalog 1143/11). For tida etter at futerekneskapane blir skilde ut må ein gå til dei eigne seriane med høvesvis *futerekneskapar* (katalogane 1145/01-02 og 1145/50) og *hovudkasserekneskapar* (katalog 1144/02). I den sistnemnde katalogen finn ein framhaldet av sjølvne amtsrekneskapane, og det strekkjer seg ut einevaldsperioden, men altså utan dei innhaldsrike vedlegga som futerekneskapane med skattemanntal o.l. utgjør.

"Hovudkassene" er ei samnemning for følgjande instansar:

- *Landkommissariatet 1661-1665* på Akershus ("Det eldre landkommissariatet"), som blir avløyst av Kristiania stiftamtstøve.
- *Stiftamtstovene* i Kristiania (inngår frå 1715 i *Den norske zahlkasse*, sjå nedanfor), Kristiansand (inngår frå 1714 i *zahlkassen*), Bergen (til 1813) og Trondheim (til 1810)
- *Landkommissariata sønnafiells og nordafiells 1680-1691* ("Det yngre landkommissariatet").
- *Den norske zahlkassen* (Zahlkammeret) 1714-1813.

Arkiva til to av desse instansane er bevarte i Riksarkivet: Sønnafjellske landkommissariat 1680-91 og Den norske zahlkasse (jf Håndbok for Riksarkivet s 41 og 42, og norske arkivkatalogar 1119/01). Arkiv etter stiftamtstovene finst det restar av i to av statsarkiva (Bergen frå 1670 og Trondheim frå 1661, jf norske arkivkatalogar 6131/01 og 7137/01).

### Instruksar

Vi kjenner til følgjande instruksar for landkommissærar, kammererar og stiftamtskrivarar frå det aktuelle tidsrommet:

1) "Sierdelis Ordre och Instruction" til landkommissærane Niklas Poulsen og Johan Garmann, datert 1.1.1661. I paragraf 4 der uttrykkjer kongen at han for dei andre stifta (altså utanom Akershus, der landkommissærane heldt til) ville utnemne "cammererer eller boegholdere" som skulle "idelig correspondere" med landkommissærane om all kongeleg inntekt og utgift.

2) Udatert konsept til instruks for kammererane, truleg frå tidleg i 1660-åra. Det blir der utgreidd kva ansvarsområdet omfattar, men instruksen inneheld ikkje spesifiserte føresegner om rekneskapsførselen og revisjonsplikta. Det blir framhalde at kammereren så langt råd er bør vere til stades på "de ordinarie tinge huor ... oppebørsel scheer".

3) Avskrift av bestalling til kammerer i Stavanger stift *Tormod Torfeus*, datert 10.7.1664. Han blir pålagt å "flitigen efftersee fougdernis reigenschaber och mandtaller offuer vist och u-vist". Han skal føre bok der han kvartalsvis skal "clarere" dei innkomne midla. Han skal sende månadlege ekstraktar så vel som fullstendig årsrekneskap til Rentekammeret over inntekter, utgifter og "forråd".

4) Udatert konsept til "Instruction for Stifft Amtschriffuerne j Norge". Truleg skriv den seg frå tida 1680-93<sup>1</sup> I instruksen blir det gjeve føresegner om nokså omstendelege rekneskaps- og revisjonsprosedyrer, m.a. som følgjer:

- Oppebørselsbetjentane (futar og andre) skal sende rekneskapsekstraktar med utgiftskvitteringar månadleg til amtskrivaren.
- Amtskrivaren skal så forfatte månadlege generalekstraktar i tre eksemplar. Av ekstraktane til proviant-, materiell- og ammunisjonsforvaltarane skal han sende ein gjenpart til statthaldaren og ein til "generalcommissariatet eller krigs commissari". Av rekneskapane til dei andre betjentane skal amtskrivaren sende eit eksemplar til Rentekammeret "tilligemed betienternis speciale extracter", eit eksemplar skal til "landtcommissarien" og det tredje eksemplaret skal amtskrivaren sjølv behalde.
- Ved utgangen av rekneskapsåret skal amtskrivaren lage tre generalekstraktar over "sit distrikts heele indkomst". Den eine skal sendast til Rentekammeret "med regenschaberne", den andre til landkommissæren og den tredje ekstrakten skal amtskrivaren behalde sjølv. Han blir samstundes pålagt å revidere årsrekneskapa, manntala og jordebøkene til futane, dei geistlege og dei andre som oppeber kongelege inntekter, før han sender alt til "videre Revision og quitering" i Rentekammeret.

5) Reskript 9.4.1687 (Wessel Berg): Generalprokurørens fullmektige i Noreg skal avskaffast og deira oppgåver tilleggast stiftamtskrivarane.

(Nr 1-4 er referert frå utrykt materiale i *Rentekammeret, realistisk ordnet avdeling Embetsetaten pakke 5*. Nr 5 er referert frå F.A. Wessel Bergs samling av reskript m.m.)

### Skattemanntala

---

<sup>1</sup> I instruksen blir amtskrivarane m.a. pålagde å sende rekneskapsekstraktar til *landkommissærane*, som fungerte nettopp i den perioden. Nemninga "stiftamtstueskriver" blir fyrst nytta frå 1670, så det kan ikkje dreie seg om landkommissærane på Akershus 1661-1665. Dessutan blir nemninga "Rentekammeret" brukt i instruksen, ei nemning som kom i bruk på nytt fyrst frå 1679, etter at kollegiet mellom 1661 og 1679 hadde heitt "Skattkammerkollegiet" eller berre "Kammerkollegiet".

Vi har nedanfor laga ei liste over skattar og andre påbod som vi finn att i amtsrekneskapane ca 1660-1690, med opplysningar om heimelsgrunnlag (skattebrev mm) og utlikningsmåte. Lista gjer ikkje krav på å vere fullstendig. Dessutan må vi ta atterhald om mistydingar som kan ha oppstått til dømes der ei og same nemning er brukt om fleire skattar som i røynda er ulike, og - motsett - der ulike lokale nemningar kan ha vore brukte om ein og same type skatt.

Skattebrev er merka med nedanstående symbol og forkortingar som viser til den kjelda vi har brukt. Dei trykte verka og arkivpakkane det blir vist til, er alle tilgjengelege i Riksarkivet.

- \* = *Forordninger, Placater m.v. 1613-1814* (innbunde serie av samtidig trykte forordningar)
- \*\* = *Christian V's Forordninger 1670-1683 og 1683-1699*
- \*\*\* = *Kongl. May Allernaadig. Forordninger som ere udgangen effter Høyloflig Christianij Quartj Recess Ao. 1643 Og saa fremdelis indtil Ao. 1675* (handskrive tittelblad, påført med blyant: Kbh. Gøde 1664). Ryggtekst: *Forordninger m.v. 1643-1674*
- fol. = arkivpakke *Rentekammeret, realistisk ordnet avdeling, Skattevesen pk 2*, uinnbundne avskrifter av skattebrev 1660-79
- prot.fol. = arkivpakke *Rentekammeret, realistisk ordnet avdeling, Skattevesen pk 2*, protokoll med oversyn over skattane 1674-79.
- NHL = *Norsk historisk Leksikon* (Oslo 1974, 2. utg. 1981)
- NK = *Norske kongebrev* bd 1-6
- NRR = *Norske Rigsregistrarer* bd 1-XII
- SNFSH = *Samlinger til det norske Folks Sprog og Historie* bd 1-6
- Statth. = arkivpakke *Statthaldararkivet C III 2*, kopibok for skattebrev 28.3.1668-29.3.1679

### **Arbeidspengar**

Skattebrev : Arbeidspengane har heimel i ei mengd ad hoc forordningar på 1500- og 1600-talet. Pålegget festa seg etter kvart som jordebokavgift i visse distrikt. Sjå elles dei alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten, t.d. 28.3.1668 om pramarbeidspengar. Utlikning: Arbeidspengane var avløysingsavgift for arbeidspåbod til krona, herunder bygningsarbeid på festningane, pramfrakt til festningane (pramarbeidspengar), slåttarbeid på kongens "ladegårder" (engarbeidspengar) o.l. Den skulle betalast av bøndene etter ulike utlikningsprinsipp, og vanlegvis med unntak for skysskaffarar, bondelensmenn o.l. Dessutan var adelens vekedagsbønder fritekne, men desse måtte da vanlegvis betale tilsvarende avgift til sine jorddrottar. I amtsrekneskapane er arbeidspengar ført i egne vedlegg til somme tider og i somme distrikt. Elles vil ein kunne finne denne avgifta i dei vanlege kongsjordebøkene.

### **Artillerihesteskatt**

Skattebrev: 3.4.1676 (fol. 176), 24.3.1677 (Statth. CIII 2).

Utlikning: I følgje skattebrevet 1676 skulle "alle" bidra til kostnadene med å ureie hestar til artilleriet. Einaste nemnde unntaket var "Assignerede gaarders aasæde." Det peikar truleg mot forordninga av 28.4.1663 der ca 1300 gardar vart lagde ut til inntekt og eventuell bustad for menige dragonar og for offiserar ved både dragon- og infanteriregimenta (SNFSH IV s 45-49). I skattebrevet 1677 blir pålegget fordelt slik: Av futedøma Hedmark, Valdres og Gudbrandsdalen skulle det gå 2 hestar av kvart prestegjeld, i dei øvrige futedøma i Akershus stift 1 hest. Frå Kristiansand, Bergen og Trondheim stift skulle det gå 2 hestar pr. prestegjeld. Men i Nordlanda skulle det i staden for hestar betalast pengar - 12 rdr pr. hest. Fordelinga innan prestegjelda blir det ikkje gjeve forskrifter om.

### **Bordskatt** (sjå sagskatt)

### **Defensjonsstyr**

Skattebrev: 7.2.1688 (NK 1688:44).

Utlikning: Pålagd verdslege og geistlege standspersonar (prestar, borgerskap proprietærar, avgiftspaktarar, sorenskrivarar m.m.), dels etter inntektsklasser, dels etter formuesstorleik, elles etter evne.

### **Deleskatt** (sjå sagskatt)

### **Drengeskatt**

Skattebrev: I dei alminnelege skattebrev, sjå leigendingsskatten.

Utlikning: Det vart skilt mellom drenger som tente for halv og dei som tente for full løn. Drenger som var utskrivne til soldatar, var oftast fritekne.

**Engarbeidspengar** Sjå arbeidspengar.

### **Eldstadskatt**

Skattebrev: 17.1.1688\* og \*\* (jf kopp- og kvegskatten)

Utlikning: Skatten skulle reknast av alle eldstader (skorsteinar, omnar, bryggerkjelar m.m.) anten dei tilhøyrdte geistlege eller verdslige, adelege eller uadelege, med unntak av vanlege bønder ("den gemeene Bonde"). På landet avløyste eldstadskatten kvegskatten.

**Engskatt** (engeslettepengar, fjelisietteskatt, myrsietter m.m.)

Somme stader (t.d. i Selbu) er dette ei jordebokavgift. Andre stader (t.d. Voss og Nordhordland) er det egne lister over engskatten, jf dei alminnelege skattebrev (under leigendingsskatten).

**Familielandehjelp** (familieskatt)

Skattebrev: 18.3.1675 (fol. 80).

Utlikning: Pålagt alle verdslige og geistlege, adelege og uadelege, med desse unntaka: bønder og allmuge på landet, underoffiserar og menige soldatar som ikkje brukte borgarleg næring. I praksis var nok også allmugen i byane unnatekne. Skatten skulle betalast av alle i hushaldet over 12 år gamle.

**Finneskatt** (finneleidang, fjellfinneskatt, sjøfinneskatt mm)

Utlikning: Dette kan omfatte fleire typar skatt, så som pengeskatt av fastbuande sjøsamar (sjøfinneskatt) og naturalieskatt av fjellsamane som kom ned til kysten (lappeskatt, sjølapprefrelse). Etter Kalmarkrigen 1611-13 vart sjøsamane pålagde leidang (finneleidang). (Sjå NLH finneskatt).

**Fire prosent av tienda**

Skattebrev: 9.3.1672 (alm. skattebrev. Fol. 45).

Utlikning: "Alle som nogen af worre Tiender, Laxefischerier eller dislige til Kiøb Pant eller Eiendomb bekommit", og som ikkje er skyldsett, skal betale 4% av oppebørselen.

**Fiskeskatt** (sjå proviantskatt)

**Fjellsletteskatt** (sjå engskatt)

**Folkeskatt** (sjå konsumpsjonsskatt)

**Garnisons- og kjolepengar** (sjå soldatkjolepengar og knekteskatt)

**Geistleges kontribusjon i Akershus stift**

Skattebrev: 2.1.1667\*

Utlikning: Pålagt "alle oc enhver som udi Opsloe Dom Capittel med nogen Beneficio er benaadet", samt menige prostar og prestar i stiftet.

**Handverkarskatt**

Skattebrev: sjå alminnelege skattebrev under leigendingsskatten.

Utlikning: Personskatt med faste satsar pr skatteytar.

**Hesteskatt** (sjå konsumpsjonsskatt)

**Husmannsskatt**

Skattebrev: sjå alminnelege skattebrev under leigendingsskatten.

Utlikning: Personskatt. Kva kategoriar som var omfatta av skattepåboda, varierer over tid og lokalt. Alminneleg skattebrev 8.3.1671 (fol. 39b) fastslår at "de Huusmend som boer paa Leylending Grund oc Eyendomb, hvor af Leylendingen skatter oc schylder, at komme Leylendingen till hielp oc ey widre schatte til os [dvs kongen]". Det er vanleg å rekne med at denne føresegna fekk mykje å seie for utviklinga av husmannsvesenet i landet.

### **Høyskatt og kornskatt**

Skattebrev: 5.8.1675 Gyldenløve (fol. 155), 10.12.1675 Gyldenløve (fol. 79 og 156), 3.11.1676 (Statth. C1112).

Utløst: 5.8.1675: 1,5 vinterlass høy pr. fullgard, dei andre klassene etter forholdstal, til rytteriets, dragonenes og artilleriets hestar. Det halve lasset skal framførast til Elverums skanse, andre halvparten i beredskap.

10.12.1675: Resten av høyet skal leverast og i tønne korn pr. fullgard, halve- og øyde etter forholdstal.

### **Kjøtskatt** (sjå proviantskatt)

### **Knekteskatt** (knektebefrielsesskatt, ganisonsskatt)

Skattebrev: I skatten for Strinda (Trondheim stift) 1663 er det vist til "den måte som Ao 1646 var anordnet", 17.7.1646 (NRR)

Utløst: Pålagt soldatlegdene i staden for at dei skulle halde soldatar i garnison. I allfall i Trondheim stift utlikna etter gardklassene.

### **Konsumpsjonsskatt** (med hesteskatt, folkeskatt og kopulasjonspengar)

Skattebrev: 8.11.1680\*\*. 24.1.1682\*\*

Utløst: Følgjande opplysningar er basert på skattebrevet 8.11.1680:

a) Konsumpsjon i byane: Omsetnadsavgift av varer som vart innført til kjøpstadene og (somme) ladestader (8.11.1680 er følgjande nemnde: Langesund, Porsgrund, Moss, Bragernes, Holmestrand, Brevik, Sogndal, Strømsø, Sandefjord, Arendal "og andre deslige Kjøbstæder". 24.1.1682 er berre nemnt uspesifisert "ladestedeme"). Avgifta skulle betalast av seljaren, men når innførselen var tiende eller landskyld, skulle avgifta betalast av mottakaren. Frå 1682 skulle konsumpsjon sløyfast ved innførsel av umale korn, følgt av påbod om maling ved "publique" møller, slik at konsumpsjonen kunne betalast ved malinga.

b) Konsumpsjon på landet (med hesteskatt): avgift pr. person over 12 år i skatteytarens familie og hushald (evt. inkl. tenestefolk), samt avgift på hestehald (takst pr. stall, anten det er ein eller fleire hestar). Skattepliktige var m.a. amtmenn, dei som bur på (adelege) sete- og avlsgardar, anten dei er eigarar eller forvaltarar "og ikke svarer med nogen Landgielde eller Afgift til andre", sokneprestar, tollarar, kapellanar og "Sæde-degne", futar, sorenskrivarar, handlande i uthamner og små ladestader (som unngår by- konsumpsjonen?) m.m., etter nærmare spesifiserte og varierende takster og vilkår.

c) Folkeskatt på landet. Skatt av tenestefolk, betalt av husbonden, men med fullmakt i skattebrevet for han til å korte ned beløpet på lønna. Unnateke er "de som tiener Bønderne," d.v.s at det er tenestefolka hjå dei kondisjonerte som blir skattlagde.

d) Folkeskatt i byane. Gjeld for kjøpstadene og ladestadene slik det er gjort greie for under a) ovanfor. Tilsvarende som på landet, men med noko andre satsar. I byane er ikkje noko unntak nemnt.

e) Kopulasjonspengar. Avgift som skulle betalast av brudgommen ved ekteskapsinngåing, med sosialt varierende satsar frå 50 rdr for dei som står i rangen, 20 for adel utanfor rangen og andre med setegard, ned til i ort for daglønningar og tenestefolk. Unnateke er soldatar, båtsmenn, bønder og allmuge på landet.

### **Koparskatt**

Skattebrev: 31.3.1674\*\*,\*\*

Utløst: Skatten skulle gå til "Kaaber-Stykker" (kanonar) ved flåten. Den vart pålagt 1) alle som eig jordegods (utlikna etter rosstenestetaksten), 2) superintendentane (pr. person) 3) prostar, prestar og res.kap. i byen og på landet (pr. person) 4) bybuarar (etter formue). Dei fastsette mengder kopar/penge summar skal fordelast over dei tre åra 1674-76. Adelen kan i staden for skatt få levere ferdige kanoner med sitt namn og våpen på, om dei foretrekkjer det.

### **Kopp- og kvegskatt**

Skattebrev: 25.10.1684\*\*,\*\*. 17.1.1688\*;

Utløst: Pålagt alle, adelege og uadelege, som ikkje tilhørde allmugen. Ein stad i brevet er unntaket uttrykt som "Bonden og meenige Almue", ein annan stad "den meenige Almue paa Landet". Koppskatten skulle betalast med bestemte beløp pr. person i familien (inntil tre born skulle medreknast) og tenestefolk. Beløpa er graderte etter rang og stand. Dermed finn ein og ei positiv opprekning av dei gruppene som skulle skattleggjast. Av denne framgår implisitt at allmugen også i byane er unnatekne. Kvegskatten blir fastsett med varierende beløp for ulike husdyr. I skattebrevet 17.1.1688 blir kvegskatten avløyst av eldstadskatten (sjå denne).

## **Kopulasjonspengar** (jf konsumpsjonsskatt)

### **Kornskatt** (jf høyskatt)

### **Krigshjelp** (jf krigsstyr)

Skattebrev: Ei befaling frå statthaldar Gyldenløve 25.8.1683 (Statth C 11 4) viser til måten krigshjelpa er pålagd i Danmark, etter skattebrev 28.7.1683\*.

Utlikning: 28.7.1683: Alle i kjøpstadene som har "midler, bestilling, rentepenge eller neering", og på landet "alle de som i Kiøbstædeme hafver boed oc derfra fløtted" eller som driv handel eller næring, så vel som "alle de som efter voris consumptions forordning bør at gifve consumption".

### **Krigsstyr** (jf krigshjelp)

Skattebrev: 26.10.1676 v/statth. Gyldenløve (fol.177), 18.4.1678 (fol.187), 28.,12.1676\*\*, 15.1.1678\*\* i dei to sistnemnde er det uvist om dreiar seg om Danmark el. Noreg el. begge land, brevet av 15.1.1678 viser dessutan til 20.2.1677.

Utlikning: Pålagd alle utan omsyn til stand og kondisjon "som nogenlunde middel, bestilling eller næring hafuer, liden eller stor, paa landit saawelsom i kiøbstederne", med unntak av "den gemene bonde" som også har vore unnateke familieskatten (1676). Summarisk 1678 "paa lige conditioner som førige aar".

### **Kvegskatt** (jf kopp- og kvegskatt)

### **Laksefiskeri, lakseverper**

Skattebrev: sjå alm. skattebrev, t.d. 9.3.1672 (fol. 45)

Utlikning: 1672: "Alle som nogen af worre Tiender, Laxefischerier eller dislige til Kiøb Pant eller Eiendomb [seinare (1674): Benaadning ] bekommit", skal betale 4% av oppebørselen, så sant ikkje vorpene etc. er særskilt skyldsette.

### **Leidang**

Skattebrev: 6.8.1675 (fol.157).

Utlikning: Eigentleg er leidangen ei mellomaldersk grunnavgift som står oppført i kongens jordebøker og i matriklane. Når ein likevel finn leidangen oppført i eigne lister i 1670-åra, har det samanheng med at innkoma skal brukast til bestemte føremål og sendast til andre kassar enn dei vanlege. Brevet 6.8.1675 er ei befaling frå statthaldarskapet til oppebørselsbetjentane om å sende inn til Generalkrigskommisariatet fullstendige oversyn over jordebokskattane vissøyre, foring og leidang for åra 1673, 1674 og 1675 og dessutan å sende desse innkomene dit. Det er vist til Generalkrigskommisariatets eige skriv om dette, som skal etterkomast.

### **Leiglendingsskatt**

Skattebrev: Alminneleg skattebrev 24.3.1660 (fol.9), 22.3.1661 (kvar?), 22.3.1662 (kvar?), 30.1.1663 (fol.18), 30.1.1664 (fol.25), 24.1.1665 (fol.29), 3.1.1666 (fol.30), 2.1.1667 (fol.31), 28.3.1668 (fol.32), 28.7.1668 (fol.37), 20.2.1669 (fol.38), 26.2.1670 (fol.38), 8.3.1671 (fol.41), 9.3.1672 (fol.45), 11.3.1673 (fol.110), 1.5.1674\*, 10.4.1675 (fol.51), 29.02.1676 (fol.51), 9.3.1677 (fol.61), 29.03.1678 (fol. 127), 29.3.1679 (fol.63), 30.12.1679\*\*, 30.12.1680 (fol.128), 26.2.1681 (fol.135), 25.1.1682\*\*, 16.12.1683\*\*, 15.12.1684\*\*, 16.5.1685\*\*, 1.3.1686\*\*, 10.2.1687\*\*, 7.1.1688\*\*, 2.3.1689\*\*, 27.1.1690\*\*

Utlikning: Pålagt all matrikulert jord og regulert etter matrikkelskylda. Betalt av gardbrukarane, anten dei var leiglendingar eller sjølveigarar.

### **Myrsletteskatt**

Jordebokavgift i Namdalen. Jf engskatt.

### **Odelsskatt**

Skattebrev: Sjå alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten.

Utlikning: Pålagd private jordeigarar som ein viss del av landskyldinntekter av jord som ein ikkje dreiv sjølv. Frå alm. skattebrev 25.2.1682 vart odelsskatt også pålagd adelege jordeigarar, som før hadde vore fritekne for denne.

### **Pramarbeidspengar** (sjå arbeidspengar)

**Presteskatt** ("ordinær presteskatt")

B: 1684-90

T: 1684-86

Skattebrev: sjå alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten. [?]

**Prinsessestyr** (derunder av kyrkjas tiendekorn og av geistlege)

Skattebrev: 1.7.1664\*, 23.10.1667\*, 20.6.(7.?)1670\*, 31.3.1680\*\*

Utløking: 1664, 1667, 1670: Alle kjøpstader skal i fire terminar betale i prinsessestyr halvparten så mykje som dei elles betaler i kontribusjon. Korkje borgarmeistrar og råd eller andre skal unntakast utan (1664) kyrkje- og skule-"betiente", som betaler eigen kontingent til bispen.

1680: 1) Av alt jordegods, satsar utrekna etter skylda. 2) Av tiende, med ulike satsar etter som tienda er "benådning", "pro officio" eller "tilforhandlet". 3) Av dei i domkapitla som har noko beneficium. 4) Av dei som eig eller brukar sager som har spesialrettar (t.d. tiendefritak), samt av sag- og tømmerfutar og sagneistrar med sine folk. 5) Av "alle benådningar" (t.d. jordegods, møller, avgiftsfritak på gardar, tollfridom etc.). 6) Av sivile og militære "betjenter" anter pro persona eller av gasjen. Omfattar også forvaltarar og paktarar på utlagt offentleg gods og på setegardar. 7) Bergverksoffiserar og -betjenter, pro persona. 8) Kjøpstadene, som 1664 og 1667.

**Proviantskatt** (jf smør-, fisk- og kjøtskatt)

Skattebrev: 16.2.1666 (fol.74); 2.1.1667\*; 26.7.1667\*; 28.7.1668\*; 6.7.1669\*; 12.8.1670 (Wessel Berg I s. 59); 2.1.1674 (fol.77); 12.2.1675\*\*; 6.10.1675 (Statth. C1112). Etter 1675: sjå dei alminnelege skattebrev.

Utløking: 16.2.1666: Byane blir pålagde å levere nærmare oppgitte mengder smør. Av brevet framgår at smør- og fiskeskatt allereie er pålagde gardane på landet.

2.1.1667: Proviand til flåten. 1 bpd. smør av kvar fuligard sønnafjells "uden Forskjel i hvem de oc tilhører", også offisersgardar da skattefritaket for dei berre gjeld dei ordinære skattane. Nordafjells er skatten sett til 1 våg tørrfisk av kvar fullgard. Halve- og øydegardar ad advenant. Det er høve til å betale i pengar. 12.2.1675: Kjøtt sønnafjells, fisk nordafjells.

**Regimentskatt** (til skiping av "et nyt Regimente til Foeds af Vores indfødde Norske Folk, paa en hverved Fod".)Skattebrev: 10.9.1687\*\*

Utløking: Pålagd soldatlegdene, 4 slettdalar pr legd, men med reduksjon eller fritak når kompaniet i distriktet har vore ute i teneste vedkomande år.

**Rossteneste**

Skattebrev: 9.8.1674 (fol.157. SNFSH bd. 4 s. 56-59), 14.12.1678 (fol.189. SNFSH 4 s 59-63), 22.4.1682\*\*, 7.2.1685 (Wessel Berg I s. 131). Sjå også alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten.

Utløking: Rosstenesteskatten var eit pengebeløp som kunne ytast i staden for den eigentlege rosstenesta - hest og ryttar med utstyr. Pålegget galdt i 1674: - 1) Eigarar/innehavarar av jordegods (adels-, odels-, pante-, kjøpe- og embetsgods), utlikna etter godsmengd taksert ved den særskilte rosstenestetaksten. 2) Følgjande embetsmenn pro persona: stiftamtmen, amtmenn, lagmenn, tollinspektørar, stiftskrivarar, tollarar, futar, sorenskrivarar. 1677: 1) Godseigarar med 130 tønner hartkorn eller meir, setegardar inklusive, skulle skaffe hest og ryttar og 5 riksdalar (månadleg?) til underhald. 2) For godssamlingar under 130 tønner skulle det betalast eit beløp pr. tønne. 3) Følgjande embetsmenn skulle halde varierande tal ryttarar: stiftamtmen, amtmenn, bispar, assessorar i Overhoffretten, lagmenn, sekretærar, overtollinspektørar, Rigens skriver, presidentar og borgarmeistrar i kjøpstadene, stiftamtskrivarar, proviant- og ammunisjonsforvaltarar, tollarar, prestar og kapellanar, stiftskrivarar, futar, sorenskrivarar. Desse skulle i tillegg betale 5 riksdalar månadleg til underhald for den/dei ryttarane dei var ansvarlege for. 1682: I staden for rossteneste skal det årleg betalast eit beløp pr. tønne hartkorn av alt gods, adelege setegardar inklusive, men med følgjande unntak: kongens behaldne jordegods, greve- og friherreleg privilegert gods, hospital- og kyrkjegods, og gods utlagt til militsen. Dette skal gå til underhald av verva ryttarkompani som skal forleggjast i Fredrikshald, Fredrikstad, Moss og Son, Kristiania, Bragenes, Strømsø, Holmestrand og Tønsberg. 1685: Dei geistlege blir forskåna for å yte rosstenesteskatt i fredstid for embetsgodset.

**Ryttarskatt**

Skattebrev: I alminnelege skattebrev, fyrste gong 1663 (fol. I 8 skattebrev for anno 1663 datert 20.1.1664). Oppheva 12.8.1670 Wessel Berg I s. 59.

Utlikning: Pålagd gardane etter skatteklasser (fullgard, halvgard, øydegard) utan omsyn til kven som eig garden.

**Sagbordskatt** (sjå sagskatt)

### **Saggrunnleige**

Eigentleg årleg leigeavgift når ei sag stod med heil eller halv damstokk på annan manns grunn. I rekneskapane kan nemninga tyde slik avgift av sager på kongens grunn. Men det kan også vere brukt om sagskatt (sjå denne).

**Saggrunnskatt** (i katalogen for Bergen stiftamt er dette brukt som nemning for sagskatt, sjå denne).

### **Sagmeisterskatt**

Skattebrev: 20.5.1644 (HT 38 s 216, ikkje i NRR). Elles i dei alminnelege skattebrev, sjå leiglendingsskatten.

Utlikning: 1644: Sagmeister på årgangssag skal betale 6 rdr og ein sagdrenge 2 rdr, og "paa huer aff de andre Sauger" (dvs respektive flaumsager og bekkesager) "halfparten need at". Det er altså frå fyrst av snakk om ein personskatt. 1663 (alm. skattebrev): Kvar sagmeister skal gje 112 rdr for kvart tusende bord han skjer, utan skilnad på "privilegerede eller andre Sauger". 1668 (alm. skattebrev): som 1663 og dessutan 5 sk av kvart hundre bord over dei fyrste 1000. Det er altså nå blitt ein skatt på produksjonen. NB Sagmeisterskatten kan i skattebrev frå 1650-åra (og i andre kjelder, også seinare?) bli kalla sagskatt.

### **Sagskatt**

Skattebrev: 2.1.1649 i NRR IX s 275 (alm. skattebrev), 30.12.1679\* (alm. skattebrev) Utlikning:

1649: Sagene skal takserast av av futen, sorenskrivaren og 6 lagrettemenn og skatten bestemmast deretter. Privilegerete sager (sager i adeleg eige eller kongelege sager lagde til embete) skulle betale tredjeparten av taksten. Før dette var det faste summer for høvesvis årgangs, flaum- og bekkesager. 1679: 1 riksort av kvart (stor)hundre bord som blir skore av følgjande sager: dei som får tømmer av skogar som er kongs-, kyrkje-, preste- eller anna slag geistleg gods eller frå ålmenningsskog, og dessutan dei sagene som står på "det utlagde gods". Denne skatten kan i kjeldene også bli kalla deleskatt, bordskatt, sagbordskatt.

NB Sagskatt kan i skattebrev frå 1650-åra (og i andre kjelder, også seinare?) vere nemning for sagmeisterskatt (sjå denne).

### **Saltkjeleskatt**

Jordebokavgift i Namdalen (o.a. stader?)

### **Saueskatt**

Utlíkna med 1 sau pr bonde i Ål og Nes prestegjeld (Akershus stift, Ringerike og Hallingdal futedømme).

### **Skyssferdskatt**

Skattebrev: 21.9.1663 (fol.63). Inngjekk frå 1670 i leiglendingsskatten.

Utlíkning: 1663: Skyssplikta på bøndene vart sterkt redusert og regulert, men samstundes avløyst av denne skatten som vart utlíkna med 2 rdr pr fullgard.

### **Slettdalarskatten** (to slettdalarskatt)

Skattebrev: 11.3.1686\*\* (Jf også slettedalar for soldatkjoler i alm. skattebrev 1680)

Utlíkning: Utlíkna med 2 slettdaler (mynteininga halvkrone à 64 skilling) pr fullgard, halv takst i Nordlanda.

**Smørskatt** (sjå proviantskatt)

### **Soldatkjølepengar**

Skattebrev: sjå alminneleg skattebrev under leiglendingsskatten, fyrste gong 30.12.1679. Utlíkning: Utlíkna med 2 slettdaler (à 64 skilling) pr soldatlegd, dvs 1 daler pr fullgard.

### **Strandsitjarskatt**

Skattebrev: sjå alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten.



Utlikning: Personskatt med faste satsar pr skatteytar. Det galdt berre strandsitjarar som ikkje sokna og skatta til ein kjøpstad.

### **Styrmannsskatt**

Skattebrev: sjå alminnelege skattebrev under leiglendingsskatten.

Utlikning: Personskatt med faste satsar pr skatteytar.

### **Ålmenningar**

Skattebrev: 9.3.1672 (alm.skattebrev. Fol. 45).

Utlikning: "de som sig af worre Allmindinger hafver tillkiøbt, at skatte Aarlig deraf fier procento for hver hundrede Rdr. de derfor gifuit hafver."

### Litteratur

- Bergwitz, Joh. K.: Fra adelsstyre til enevælde i Norge, i *Skrifter utgit av Videnskapsselskapet i Kristiania 1917 II. Historisk-filosofisk klasse, 3* (Kristiania 1919)
- *Håndbok for Riksarkivet* (Oslo 1992) s 59-60
- Kiil, Alf: *Arkivkunnskap. Statsarkiva* (Oslo 1987) s 193
- *Rentekammeret, hovedkassenes regnskaper 1661-1814* (Riksarkivets katalog nr. 1144/02), innleiinga
- Stoa, Nils Johan: *Arkivmateriale fra dansk-norske sivile sentralinstitusjoner før 1814* (Norsk arkivforum nr. 9, Oslo 1989) s 74-79

Riksarkivet, august 1996

Hans P. Hosar